



VOSS KOMMUNE

Formannskap/ plan og økonomi

Olje og energidepartementet
Postboks 8148 Dep

0033 OSLO

Vår ref	Etat/ avd.	Saksbeh	Ark.	Dykkar ref.	Dato
11/17-5 2968/11	TE	AG	S11		01.02.2011

INNSPEL TIL OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET VEDK. FORSLAG TIL LOV OM ELSERTIFIKAT

Formannskap/ plan og økonomi behandla i møte 01.02.2011 sak 18/11.
Dei kom med følgjande

Uttale:

Regjeringa si varsla satsing på fornybar energi er fornuftig og naudsynt. Voss kommune ser og trong for å auke produksjonen av rein fornybar energi på ein klimavenleg og framtidssretta måte, og er samde med regjeringa at eit felles svensk norsk sertifikatmarked er ein god måte å skape grunnlag for ei slik satsing.

Det er med stor undring Voss kommune ser at ordninga ikkje skal gjelde dei anlegga som vart bygde i perioden 1. januar 2004 til 7. september 2009, med produksjon over 1 MW. Voss kommune ser det som naturleg at alle anlegg som er sett i produksjon i denne perioden også blir sertifiserte gjennom denne ordninga med elsertifikat. Grunngevinga for dette er dei forventningane frå sentralt politisk hald som gjennom lang tid er skapt kring den varsla ordninga med sertifikat.

Med dette utgangspunktet vil Voss kommune rå til følgjande 2 endringar (endring i kursiv) i lovforslaget:

1. Til § 8 Godkjenning av produksjonsanlegg.
Produksjonsanlegget må :
 - *ha hatt byggestart etter 1. januar 2004,*
 - *varig auke sin energiproduksjon med byggestart etter 1. januar 2004.*

2. Til § 10 Utstedelse av elsertifikater.

3.dje avsnitt slik:

For det enkelte godkjente produksjonsanlegg kan elsertifikater utstedes i en samlet periode på 15 år fra anlegget settes i drift.

(dvs. ingen avkortning i elsertifikat over 15 års perioden)

Med helsing



Einar Hauge
rådmann

Vedlegg: Samla sak for utvalet

Kopi til: Småkraft Foreninga, Postboks 123, 0216 OSLO